



Arkivnr: 2017/13666-12

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap 2018

Samandrag

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: Kultur, heiter det at «store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.» I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: *Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettslig satsing og positive ringverknader for næringslivet. Arrangement bør vise til god geografisk spreiing av deltagarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.*

Søknadsfristen for arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap for 2018 vart sett 20. august 2017. Dei søknadane som kom inn vart handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember.

Hordaland fylkeskommune har motteke to søknadar etter at fylkesrådmannen la fram sitt budsjettforslag hausten 2017, og fylkesrådmannen vel å legge desse søknadane samla fram for handsaming i denne saka.

Norges Håndballforbund Region Vest søker tilskot til Gjensidige CUP i Sotra arena i Fjell kommune 5-8. april. Dette er ei internasjonal turnering for herrelandslag. Arrangementet vart tildelt Region Vest i haust. Søknaden omfattar i tillegg til arrangementsstøtte også søknad om støtte til ulike seminar og tiltak knytt til aktivitet og marknadsføring. Hordaland fylkeskommune viser til tilskotsordning for lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge i høve aktivitetsdagane for skulane. Arrangementet har ei kostnadsramme på over 1,5 millionar kroner. Det vert søkt om kr. 100.000. Fylkesrådmannen tilrår å støtte sjølv turneringa med ei arrangementsstøtte på kr. 30.000.

Voss kroppsflykarlag søker, på vegne av det Internasjonale Luftsportsforbundet, om tilskot til Europameesterskap i innandørs kroppsflyging 11 – 14. april. Det er venta om lag 230 utøvarar, delt på 5 greiner og 9 klassar. Budsjettet viser til utgifter på om lag kr. 1,6 mill. Voss kommune støttar arrangementet med kr. 70.000. Det vert søkt Hordaland fylkeskommune om kr. 100.000. Fylkesrådmannen tilrår å støtte arrangementet med kr. 50.000.

Økonomi: Tilskota vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

Klima:

Folkehelse: Bidra til eit breitt kultur- og idrettstilbod. Kompetanseuke i kommunane (arrangementskompetanse). Aktivitet og trivsel i nærmiljøet.

Regional planstrategi: Gjennomføring av regional kulturplan

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet gir arrangementstilskot til følgjande internasjonale meisterskap for 2018;

Norges Håndballforbund Region Vest	Kr. 30.000,-
Voss kroppsnykarlag	Kr. 50.000,-

Tilskota vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto. For 2018 er denne på kr 1.734.000.
Budsjettet vert endra slik;

10.720.200.00.14900 går ned med kr 80.000. 10.400.410.00.14700 aukar med kr 80.000.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.